

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Vestlandsrådet
<b>Møtestad:</b>	Bergen, Scandic Flesland Airport
<b>Dato:</b>	15.04.26
<b>Tid:</b>	Kl 0830

### Saker

<b>Godkjenningssaker</b>	
GK 1/26	Innkalling og sakliste
GK 2/26	Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 13.november 2025
<b>Politiske saker</b>	
PS 1/26	Nasjonal transportplan 2029-2040 - vidare arbeid med E39 Vestlandsvegen
PS 2/26	Vestlandsrådet på Arendalsveka 2026 – arrangement og samarbeid
PS 3/26	Godkjenning av rekneskap 2025 og budsjett for 2026
PS 4/26	Vestlandsrådet – innspel frå fylkeskommunane til aktuelle samarbeidssaker
PS 5/26	Innspel til Stortingets arbeid med revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2026
<b>Referatsaker</b>	
RS 1/26	Oppfølging av Vestlandsrådet sin næringsstrategi

Møteleiar

Jon Askeland  
fylkesordførar

**Saksnr:** 2026/4095-2  
**Saksbehandlar:** Thorbjørn Aarethun

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	GK 2/26	15.april 2026

---

Godkjenning av protokoll frå møte i Vestlandsrådet, 13.november 2025

Protokoll frå møte i Vestlandsrådet, 13.november 2025, vert med dette lagt fram for godkjenning.



## Møteprotokoll

Møte: Vestlandsrådet  
Møtested: Clarion Energy Hotel, Ishockeyveien 4, 4021 Stavanger  
Dato: 13. november 2025  
Tidspunkt: 13.00 – 15.00

### Til stede

Navn	Funksjon	Parti	Fylke	Varamedlem for
Ole Ueland	Leder	H	Rogaland	
Anne Kristin Bruns	Medlem	KrF	Rogaland	
Kjartan Alexander Lunde	Medlem	V	Rogaland	
Frode Berge	Medlem	Ap	Rogaland	
Hayley Anita Henriksen	Vara	FrP	Rogaland	Svein Erik Indbjo
Monika Kvilhaugsvik	Vara	SV	Rogaland	Jarle Bø
Jon Askeland	Medlem	Sp	Vestland	
Stian Davies	Medlem	Ap	Vestland	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FrP	Vestland	
Bente Spissøy	Medlem	DNI	Vestland	
Suzanne Michelle Rødseth	Vara	MDG	Vestland	Nils-A. Nøttseter
Noralv Distad	Vara	H	Vestland	Silja E. Bjørkly
Anders Riise	Medlem	H	Møre og Romsdal	
Anne Marie Fiksdal	Medlem	FrP	Møre og Romsdal	
Randi Walderhaug Frisvoll	Medlem	KrF	Møre og Romsdal	
Per Ivar Lied	Medlem	Sp	Møre og Romsdal	
Pål Farstad	Vara	V	Møre og Romsdal	Line Hoem

**Forfall**

Svein Erik Indbjo	Medlem	FrP	Rogaland
Jarle Bø	Medlem	Sp	Rogaland
Nils-Anders Nøttseter	Medlem	MDG	Vestland
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	Vestland
Line Hoem	Medlem	Ap	Møre og Romsdal
Geir Stenseth	Medlem	FrP	Møre og Romsdal

Bente Spissøy, DNI, Vestland, permisjon fra kl 14.30.

**Følgende møte fra administrasjonen**

Navn	Stilling	Fylke
Gunn Claire Westad	Fylkesdirektør	Rogaland
Toril Hovdenak	Fylkeskommunedirektør	Møre og Romsdal
Linn Iren Nilsen Oppedal	Rådgiver fylkesordfører	Rogaland
Iver Jan Leren	Prosjektleder næringsstrategien	Rogaland
Mette Fossan	Avdelingsleder regional omstilling	Rogaland
Kristin Talgø Lund	Sekretariatsleder	Rogaland

**Saksliste**

Sak	Tittel	Sakstype
23/25	Godkjenning møteinnkalling og saksliste	Vedtakssak
24/25	Godkjenning protokoll møte i Vestlansrådet 4. september 2025	Vedtakssak
25/25	Møtekalender og arrangementsplan 2026	Vedtakssak
26/25	Prosjektlederstilling næringsstrategien	Vedtakssak
27/25	Matsikkerhet og beredskap – veien videre	Vedtakssak
28/25	Maritim industrifags utdanningskonferanse og workshop for verft og leverandørindustrien - evaluering	Orienteringssak
29/25	Ferjefri E39 konferanse 2026 - status	Orienteringssak

## **Sak 23/25 Godkjenning møteinnkalling og saksliste**

Vestlandsrådets behandling av sak 23/25 i møtet den 13. november 2025:

### **Innstilling**

Møteinnkalling og saksliste møte i Vestlandsrådet 13. november 2025 godkjennes.

### **Behandling**

For innstillingen stemte 17: Ole Ueland, Anne Kristin Bruns, Kjartan Alexander Lunde, Frode Berge, Hayley Anita Henriksen, Monika Kvilhaugsvik, Jon Askeland, Stian Davies, Sigbjørn Framnes, Bente Spissøy, Suzanne Michelle Rødseth, Noralv Distad, Anders Riise, Anne Marie Fiksdal, Randi Walderhaug Frisvoll, Per Ivar Lied, Pål Farstad.

Mot innstillingen stemte 0:

Dermed ble innstillingen vedtatt.

### **Vedtak**

Møteinnkalling og saksliste møte i Vestlandsrådet 13. november 2025 godkjennes.

## **Sak 24/25 Godkjenning protokoll møte i Vestlandsrådet 4. september 2025**

Vestlandsrådets behandling av sak 24/25 i møtet den 13. november 2025:

### **Innstilling**

Protokoll møte i Vestlandsrådet 4. september 2025 godkjennes.

### **Behandling**

For innstillingen stemte 17: Ole Ueland, Anne Kristin Bruns, Kjartan Alexander Lunde, Frode Berge, Hayley Anita Henriksen, Monika Kvilhaugsvik, Jon Askeland, Stian Davies, Sigbjørn Framnes, Bente Spissøy, Suzanne Michelle Rødseth, Noralv Distad, Anders Riise, Anne Marie Fiksdal, Randi Walderhaug Frisvoll, Per Ivar Lied, Pål Farstad.

Mot innstillingen stemte 0:

Dermed ble innstillingen vedtatt.

### **Vedtak**

Protokoll møte i Vestlandsrådet 4. september 2025 godkjennes.

## **Sak 25/25 Møtekalender og arrangementsplan 2026**

Vestlandsrådets behandling av sak 25/25 i møtet den 13. november 2025:

### **Innstilling**

Vestlandsrådet vedtar møtekalender og arrangementsplan for 2026 i tråd med alternativ 3.

Eventuelle justeringer i møte- eller arrangementsplanen delegeres til Vestlandsrådets arbeidsutvalg. Det samme for å finne datoer for høstmøtene.

**Behandling**

For innstillingen stemte 17: Ole Ueland, Anne Kristin Bruns, Kjartan Alexander Lunde, Frode Berge, Hayley Anita Henriksen, Monika Kvilhaugsvik, Jon Askeland, Stian Davies, Sigbjørn Framnes, Bente Spissøy, Suzanne Michelle Rødseth, Noralv Distad, Anders Riise, Anne Marie Fiksdal, Randi Walderhaug Frisvoll, Per Ivar Lied, Pål Farstad.

Mot innstillingen stemte 0:

Dermed ble innstillingen vedtatt.

**Vedtak**

Vestlandsrådet vedtar møtekalender og arrangementsplan for 2026 i tråd med alternativ 3.

Eventuelle justeringer i møte- eller arrangementsplanen delegeres til Vestlandsrådets arbeidsutvalg. Det samme for å finne datoer for høstmøtene.

**Vedtatt møtekalender Vestlandsrådet 2026**

Dato 2026	Dag	Møte	Sted	Tid
23. mars	Mandag	Vestlandsrådet med storbymøte	Bergen	15.00 – 20.00
9. juni	Tirsdag	Vestlandsrådet med temasamling	Ålesund	10.00 – 15.00
September		Vestlandsrådet med temasamling	Stavanger	10.00 – 15.00
26. november	Torsdag	Vestlandsrådet	digitalt	09.00 – 12.00

**Vedtatt arrangementsplan Vestlandsrådet 2026**

Dato 2026	Dag	Arrangement	Sted	Tid
24. mars	Tirsdag	Ferjefri E39-konferanse	Bergen	10.00 – 16.00
10. – 14. august	Mandag - torsdag	Arendalsuka	Arendal	Deltakelse tas opp til vurdering som egen sak i det første møtet til Vestlandsrådet AU i 2026
Andre arrangementer kan vurderes ved behov gjennom året.				

**Sak 26/25 Prosjektlederstilling næringsstrategien**

Vestlandsrådets behandling av sak 26/25 i møtet den 13. november 2025:

**Innstilling**

Vestlandsrådets næringsarbeid skal fremover ivaretas av de tre fylkeskommunenes relevante fagavdelinger, i samarbeid med rådets sekretariat.

Prosjektlederstillingen videreføres ikke.

### **Behandling**

For innstillingen stemte 17: Ole Ueland, Anne Kristin Bruns, Kjartan Alexander Lunde, Frode Berge, Hayley Anita Henriksen, Monika Kvilhaugsvik, Jon Askeland, Stian Davies, Sigbjørn Framnes, Bente Spissøy, Suzanne Michelle Rødseth, Noralv Distad, Anders Riise, Anne Marie Fiksdal, Randi Walderhaug Frisvoll, Per Ivar Lied, Pål Farstad.

Mot innstillingen stemte 0:

Dermed ble innstillingen vedtatt.

### **Vedtak**

Vestlandsrådets næringsarbeid skal fremover ivaretas av de tre fylkeskommunenes relevante fagavdelinger, i samarbeid med rådets sekretariat.

Prosjektlederstillingen videreføres ikke.

## **Sak 27/25 Matsikkerhet og beredskap - veien videre**

Vestlandsrådets behandling av sak 27/25 i møtet den 13. november 2025:

### **Innstilling**

Vestlandsrådet tar temasamlingen om matsikkerhet og beredskap til orientering. Erfaringene og innspillene fra samlingen legges til grunn for videre oppfølging.

### **Behandling**

For innstillingen stemte 17: Ole Ueland, Anne Kristin Bruns, Kjartan Alexander Lunde, Frode Berge, Hayley Anita Henriksen, Monika Kvilhaugsvik, Jon Askeland, Stian Davies, Sigbjørn Framnes, Bente Spissøy, Suzanne Michelle Rødseth, Noralv Distad, Anders Riise, Anne Marie Fiksdal, Randi Walderhaug Frisvoll, Per Ivar Lied, Pål Farstad.

Mot innstillingen stemte 0:

Dermed ble innstillingen vedtatt.

### **Vedtak**

Vestlandsrådet tar temasamlingen om matsikkerhet og beredskap til orientering. Erfaringene og innspillene fra samlingen legges til grunn for videre oppfølging.

## **Sak 28/25 Maritim industrifags utdanningskonferanse og workshop for verft og leverandørindustrien – evaluering**

Vestlandsrådets behandling av sak 28/25 i møtet den 13. november 2025:

### **Innstilling**

Vestlandsrådet tar saken til orientering.

**Behandling**

For innstillingen stemte 17: Ole Ueland, Anne Kristin Bruns, Kjartan Alexander Lunde, Frode Berge, Hayley Anita Henriksen, Monika Kvilhaugsvik, Jon Askeland, Stian Davies, Sigbjørn Framnes, Bente Spissøy, Suzanne Michelle Rødseth, Noralv Distad, Anders Riise, Anne Marie Fiksdal, Randi Walderhaug Frisvoll, Per Ivar Lied, Pål Farstad.

Mot innstillingen stemte 0:

Dermed ble innstillingen vedtatt.

Fylkesordfører Anders Riise kommenterte at konferansen var svært vellykket. Han påpekte at det å legge konferansen i forkant av Verfts konferansen 2025, gjorde at de to arrangementene utfylte hverandre godt. Han fremmet forslag om at en slik løsning bør videreføres årlig.

Vestlandsrådets AU drøftet forslaget og konkluderte med at det er ønskelig å gjennomføre et tilsvarende arrangement neste år. Rullering av tema og sted bør samtidig vurderes. AU foreslo videre at saken tas opp i Vestlandsrådet tidlig i 2026.

For forslaget stemte 17: Ole Ueland, Anne Kristin Bruns, Kjartan Alexander Lunde, Frode Berge, Hayley Anita Henriksen, Monika Kvilhaugsvik, Jon Askeland, Stian Davies, Sigbjørn Framnes, Bente Spissøy, Suzanne Michelle Rødseth, Noralv Distad, Anders Riise, Anne Marie Fiksdal, Randi Walderhaug Frisvoll, Per Ivar Lied og Pål Farstad.

Mot forslaget stemte 0:

Dermed ble forslaget vedtatt.

**Vedtak**

Vestlandsrådet tar saken til orientering.

Vestlandsrådet AU og Vestlandsrådet tar opp saken tidlig i 2026.

**Sak 29/25 Ferjefri E39 konferanse 2026 - status**

Vestlandsrådets behandling av sak 29/25 i møtet den 13. november 2025:

**Innstilling**

Vestlandsrådet tar arbeidet med ferjefri E39 konferansen 2026 til orientering.

**Behandling**

For innstillingen stemte 17: Ole Ueland, Anne Kristin Bruns, Kjartan Alexander Lunde, Frode Berge, Hayley Anita Henriksen, Monika Kvilhaugsvik, Jon Askeland, Stian Davies, Sigbjørn Framnes, Bente Spissøy, Suzanne Michelle Rødseth, Noralv Distad, Anders Riise, Anne Marie Fiksdal, Randi Walderhaug Frisvoll, Per Ivar Lied, Pål Farstad.

Mot innstillingen stemte 0:

Dermed ble innstillingen vedtatt.

**Vedtak**

Vestlandsrådet tar arbeidet med ferjefri E39 konferansen 2026 til orientering.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	PS 1/26	15.april 2026

## Vidare arbeid med E39 Vestlandsvegen inn mot Nasjonal transportplan 2029-2040

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vil framover ha særleg fokus på å synleggjere og løfte fram E39 Vestlandsvegen i arbeidet med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å avklare og gjennomføre det praktisk politiske arbeidet for å sikre E39 Vestlandsvegen merksemd og prioritet i Nasjonal transportplan 2029-2040.

Vestlandsrådet ber fylkesdirektøren etablere ei brei administrativ samansett prosjektgruppe med interne ressurar og eksterne samarbeidspartar, for koordinering og planlegging av det praktisk politiske arbeidet for påvirking av sentrale beslutningstakarar i NTP-prosessen.

Vestlandsrådet set av inntil kr 500.000.- til dette arbeidet i budsjettet for 2026.

Robert Rastad  
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i Vestlandsrådet, 10. september 2024, vart det gjort følgjande vedtak:

«Vestlandsrådet vedtek at rådet skal styrke engasjementet for ferjefri E39, og sette dette høgt på dagsorden. Vestlandsrådet gir Arbeidsutvalet mandat til å initiere og beslutte vidare satsingar, herunder:

- etablering av arbeidsgruppe
- bestemme eventuell konferanse, innhald, deltakarar og opplegg
- om behov kjøpe utredningar eksternt mht ringvirkningar og anna.»

Med grunnlag i dette sette AU i gang arbeid med ein E39-konferanse i Bergen, og som etterkvart vart tidfesta til 15. april 2026. Invitasjonar til konferansen vart sendt ut på denne måten;



### Korleis sikre satsing og vidare utbygging av E39 Vestlandsvegen i Nasjonal transportplan 2029-2040?

Med denne utfordringa vil vi gjerne invitere deg til mobilisering i Bergen.

**Tid:** 15. april 2026 kl. 10.00-15.30

**Stad:** Scandic Flesland Airport

Vi ønsker å drøfte innretning, organisering og viktige milepæl for prioritering av E39 Vestlandsvegen i Nasjonal transportplan 2029-2040.

I tillegg til Vestlandsrådet vil du her treffe representantar frå byar og kommunar, regionråd, nærings- og arbeidslivsaktørar, stortingspolitikarar og politisk leing i samferdselsdepartementet.

På konferansen vil du mellom anna få presentert ein fersk rapport av Oslo Economics, med oppsummert kunnskapsgrunnlag for prioritering og satsing på utbygging av E39 Vestlandsvegen.

På programmet vil det og i regi av tenketanken Initiativ Vest bli presentert ein alternativ utbyggings- og finansieringsstrategi for vegstrekninga.

Vennligst benytt lenka under for påmelding og registrering:

[Påmelding](#)

Det endelege programmet vil bli publisert og sendt ut seinare i god tid før konferansen.

Håpar eg får sett deg på denne viktige konferansen om Vestlandets framtid og utvikling!

Med venleg helsing  
Fylkesordførar og leiar i Vestlandsrådet  
Jon Askeland

**Vestlandsrådet**

[www.vestlandsraadet.no](http://www.vestlandsraadet.no)

Invitasjonane er sendt til følgjande mottakarar:

- Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget
- Vestlandsbenkane på Stortinget

- Fylkesutvala i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal
- Samferdselsutvala i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal
- Kommunane langs E39
- Regionråd langs E39
- LO i dei tre fylka
- NHO i dei tre fylka
- Næringsforeningar i dei tre fylka
- Aktuelle bransjeorganisasjonar

I tillegg har konferansen vore publisert på nettstadene til Vestlandsrådet, fylkeskommunane, Bergen Næringsråd, Næringsforeningen i Stavanger og Ålesund Næringsforening.

Invitasjonen til arrangementet er godt motteke, med om lag 180 påmelde deltakarar.

Videre oppfølging i regi av Vestlandsrådet

Med denne oppstartkonferansen for mobilisering rundt E39 Vestlandsvegen, inn mot NTP 2029-2040, vil det vere eit behov for å avklare Vestlandsrådet si rolle i det vidare NTP-arbeidet. Gjennom denne mobiliseringskonferansen har Vestlandsrådet på sett og vis forplikta seg til å stå i front for å synleggjere og løfte fram vegstrekninga i den vidare prosessen med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Fylkesdirektøren legg dermed til grunn at Vestlandsrådet også i fortsettelsen vil ha eit sterkt engasjement og fokus på utbygging av E39 Vestlandsvegen.

For å lykkast med å sikre E39 Vestlandsvegen prioritet i Nasjonal transportplan 2029-2040, må dei ulike aktørane i landsdelen i størst mogleg grad opptre samla i det foreståande innspels- og påvirkningsarbeidet. Det er utvilsomt at samarbeid med kommunar, byar og andre sentrale regionale aktørar i dette arbeidet vil styrke gjennomslagskrafta for å få på plass dei store utbyggingsprosjekta som er klar for finansiering og realisering i Nasjonal transportplan 2029-2040.

Fylkesdirektøren vil derfor foreslå at det vert etablert ei brei administrativt samansett prosjektgruppe med interne ressursar og eksterne samarbeidspartar, for koordinering, planlegging og tilrettelegging av tiltak for å påvirke sentrale beslutningstakarar i NTP-prosessen.

Fylkesdirektøren vil vidare foreslå at Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å avklare tiltak og gjennomføre det praktisk politiske arbeidet for å sikre E39 Vestlandsvegen merksemd og prioritet i Nasjonal transportplan 2029-2040.

Dersom slik fullmakt blir vedteke vil prosjektgruppa gjennom fylkesdirektøren rapportere til Vestlandsrådet AU og foreslå ein handlings- og tiltaksplan for det vidare NTP-arbeidet med E39 Vestlandsvegen.

Fylkesdirektøren vil og foreslå at Vestlandsrådet set av midlar til dette arbeidet på budsjett for 2026, til m.a. kjøp av eksterne tenester og gjennomføring av arrangement/aktivitetar.

**Saksnr:** 2026/4095-5  
**Saksbehandlar:** Thorbjørn Aarethun  
Thomas Finnøy, Møre og Romsdal  
May Endresen, Rogaland

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	2/26	15.april 2026

## Vestlandsrådet på Arendalsveka 2026 - arrangement og samarbeid

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet går inn for at det vert planlagt og gjennomført arrangement under Arendalsveka 2026, slik det er skissert i saksframlegget.

Vestlandsrådet set av inntil kr 400.000,- til gjennomføring av begge arrangementa, og gir AU fullmakt til å avklare nærmare opplegg og innhald i den vidare planlegginga.

Robert Rastad  
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i Vestlandsrådet AU, 12.mars 2026, vart det handsama sak om Vestlandsrådet si deltaking på Arendalsveka 2026. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Vestlandsrådet AU går inn for at vert planlagt arrangement under Arendalsveka 2026 om alternative modellar for finansiering og organisering av samla utbygging av E39 Vestlandsvegen.

Vestlandsrådet AU ber fylkesdirektøren legge fram forslag til eventuelt arrangement som oppfølging av næringsstrategien, på møte i Vestlandsrådet, 15.april.

Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å fastsette nærmare innhald og finansiering til Vestlandsrådet sine arrangement under Arendalsveka 2026.»

Under Arendalsveka 2025 vart det gjennomført følgjande tre arrangement i regi av Vestlandsrådet;

- Ferjer og hurtigbåtar: Utsleppskutt og eksport – eller grøn fallitt?
- Ferjefri E39 - sløsing eller gullkanta investering for det nye Vestlandet?
- Vestlandet inviterer til frokost - kan vi eksportere dette?

I samsvar med vedtaket i AU vil fylkesdirektøren foreslå at Vestlandsrådet i 2026 samlar seg om to arrangement - eitt om E39 Vestlandsvegen og eitt som utgår frå næringsstrategien til Vestlandsrådet.

### **E39 Vestlandsvegen - alternative modellar for organisering og finansiering av samla utbygging**

Ferjefri E39 er ei stor investering med store samfunnsgevinstar, som kortare reisetid og auka verdiskaping - i den viktigaste verdiskapingsregionen i landet. Samstundes er finansieringa framleis den største flaskehalsen. Satsing på E39 Vestlandsvegen med ferjeavløysingsprosjekt og standardheving mellom fjordkryssingane, krev ei heilt anna og høgare prioritering enn det som ligg inne i dagens Nasjonal transportplan (NTP).

Mange meiner regionen kunne stå langt sterkare i gjennomføringa dersom ein organiserte det som i dag er mange enkeltprosjekt, som eitt samla prosjekt eller ei heilskapleg pakke for heile strekninga. Ei slik organisering kan òg opne for å vurdere alternative finansieringsformer utover det NTP legg opp til.

Målet med arrangementet er å gi eit betre kunnskapsgrunnlag om alternative modellar for finansiering og organisering av større, samanhengande vegutbyggingsprosjekt.

Møre og Romsdal fylkeskommune har hovudansvaret for planlegging og gjennomføring av arrangementet.

Det er ei førebels lagt opp til at lokasjon og tidspunkt for arrangementet vert «Vestlandsbåten», måndag 10.august, kl 1400-1500. Arrangementet vil ha ei kostnadsramme på kr. 100.000,-

Administrasjonen er i dialog med aktuelle aktørar og samarbeidspartnarar, og arbeider med å etablere ein programkomité.

Det er vil bli lagt opp til å hente inn relevant kompetanse og erfaring som kan presentere alternative modellar i starten av arrangementet. Til den avsluttande debatten vil det bli invitert sentrale beslutningstakarar frå folkevalde organ og vegforvaltninga, for å få fram ulike synspunkt og innspel.

### **Vestlandet i Totalforsvarsåret 2026 - blå matberedskap og samfunnssikkerheit**

I Vestlandsrådet sin næringsstrategi er strategisk posisjonering av Vestlandet innanfor havnæringane eit sentralt tema. Blå matberedskap handlar både om verdiskaping, arbeidsplassar

og nasjonal forsyningsikkerheit. Vestlandet er ein motor i landet sin matberedskap, og tema knyttet til korleis infrastruktur og forsyningsikkerheit kan gje stabil tilgang til trygg mat frå havet er av nasjonal betydning og interesse.

Målet med arrangementet er å synleggjere Vestlandet som den fremste havregionen i landet og løfte sentrale regionale tema inn på den nasjonale agendaen i Totalforsvarsåret 2026.

Hovedinnretning på tema og opplegg for arrangementet må avklarast nærmare saman med aktuelle samarbeidspartnarar, dersom Vestlandsrådet går for eit slikt arrangement.

Rogaland fylkeskommune kan ta hovedansvaret for organisering og sette saman ein programkomite for nærare konkretisering av innhold og opplegg. Næringsklynger og andre aktuelle samarbeidspartnarar kan inviterast inn, saman med representantar frå Vestland og Møre- og Romsdal fylkeskommuner.

«Rygerelektra» vert foreslått som arena for arrangementet. Mulig tidspunkt er onsdag 12.august, ettermiddag.

Det vert vidare foreslått at fagseminaret blir etterfulgt av ei mottaking «Smaken av Vest» onsdag kveld der Vestlandsrådet er vertskap. Det vil være rom for 200 gjester. Maten er da tenkt å bestå av lokale produkt fra alle vestlandsfylka, både frå hav og land. Det er ein føresetnad at denne delen av arrangementet vert eit tett samarbeid med næringsaktørar - som f.eks. Sjømat Norge.

Kostnad for et slikt opplegg er stipulert til kr.100 000,- for fagarrangementet og kr. 200 000,- for kveldsarrangementet.

Konklusjon

Fylkesdirektøren vil understreke Vestlandsrådet si satsing på ferjefri og opprusta E39, og vil foreslå at dette på nytt vert eit tema under Arendalsveka 2026.

Gjennom Totalforsvarsåret 2026 skal Norges evne til å forebygge og handtere sikkerheitspolitiske kriser og krig styrkast gjennom ei rekke ulike aktivitetar. Med utgangspunkt i næringsstrategien til Vestlandsrådet ser fylkesdirektøren det som svært relevant å synleggjere Vestlandet si rolle i eit slikt beredskapsperspektiv.

## Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2026/4095-3  
**Saksbehandlar:** Thorbjørn Aarethun  
Kristin Talgø Lund, Rogaland

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	3/26	15.april 2026

---

## Godkjenning av rekneskap 2025 og budsjett 2026

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet vedtek framlagte rekneskap for 2025 og budsjett for 2026.

Robert Rastad  
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Vestlandsrådet disponerer midlar frå medlemsfylka, og må vedta rekneskapen for eiga verksemd. Samstundes legg fylkesdirektøren til grunn at rådet vedtek budsjett for inntekter og utgifter for året 2026

### Rekneskap 2025

Rogaland fylkeskommune har ansvaret for rekneskapen til Vestlandsrådet, og som er sett opp i tabellen under for året 2025.

#### Regnskapsoversikt Vestlandsrådet 2025

Inntekter	Budsjett 2025	Regnskap 2025	Avvik 2025
Ordinær kontingent	1 800 000	1 800 000	0
Kontingent næringsstrategien	1 350 000	1 350 000	0
Overførte ubrukte midler	2 996 264	2 996 264	0
Finansinntekter	90 000	147 969	- 57 969
<b>Sum inntekter</b>	<b>6 236 264</b>	<b>6 294 233</b>	<b>- 57 969</b>
Kostnader	Budsjett 2025	Regnskap 2025	Avvik 2025
Sekretariat	1 000 000	1 000 000	0
Vestlandsråd møter	100 000	88 683	- 11 317
Eksterne møter	750 000	861 427	+ 111 427
Origin drift av nettside	50 000	24 984	- 25 016
NORA medlemsavgift	150 000	159 150	+ 9 150
Næringsstrategi Vestlandet	1 350 000	1 621 623	+ 271 623
Finanskostnader	5 000	1 752	- 3 248
<b>Sum kostnader</b>	<b>3 405 000</b>	<b>3 757 619</b>	<b>+ 352 619</b>
Overskudd overført til neste periode	<b>2 831 264</b>	<b>2 536 614</b>	<b>- 294 650</b>

#### Merknader til regnskapet for Vestlandsrådet 2025

##### Inntekter

Samlede inntekter i 2025 utgjorde kr 6 294 233, som er kr 57 969 høyere enn budsjettet. Avviket skyldes høyere finansinntekter enn forventet. Øvrige inntekter er i tråd med budsjett.

- **Ordinær kontingent:** kr 1 800 000, kr 600 000 fra hvert deltakerfylke, uendret fra tidligere år.
- **Kontingent næringsstrategien:** kr 1 350 000, i tråd med nivået i 2023 og 2024. Samlet kontingent for treårsperioden utgjør kr 4 050 000.
- **Overførte ubrukte midler:** kr 2 996 264 fra overskudd i 2024, midlene inngår i finansiering av aktivitetene i 2025.
- **Finansinntekter:** kr 147 969, hovedsakelig renteinntekter på bankinnskudd.

##### Kostnader

Totale kostnader i 2025 utgjorde kr 3 757 619, som er kr 352 619 høyere enn budsjettet. Avviket skyldes særlig høyere aktivitet innen Næringsstrategi Vestlandet og eksterne møter.

- **Sekretariat:** kr 1 000 000, samme som tidligere år. Beløpet dekker lønn og øvrige interne kostnader i vertsfylket, og er fastsatt uavhengig av faktiske kostnader.
- **Møter i Vestlandsrådet:** kr 88 683 (kr 11 317 lavere enn budsjettet). Kostnadene omfatter bevertning, lokaler, og eksterne deltakere i forbindelse med tre fysiske møter (Haugesund, Bergen og Stavanger) i Vestlandsrådet. Reisekostnader for Vestlandsrådets medlemmer og administrasjon dekkes av den enkelte fylkeskommune og inngår ikke i regnskapet.
  - **Haugesund:** 28. januar - Hotel Maritime dag pakke, og kostnader knyttet til temasamlingen «Det norske hydrogenlandskapet» (eksterne deltakere), kr 29 423.

- **Bergen:** 11. juni - middag, 12. juni - lunsj Vestlandshuset, og kostnader knyttet til temasamlingen «energi og kraftsituasjonen på Vestlandet (eksterne deltakere), kr 23 440
- **Stavanger:** 13. november - Clarion Energy dag pakke, og kostnader knyttet til temasamlingen «Matsikkerhet og beredskap» (eksterne deltakere), kr 35 820.
- **Eksterne møter og arrangementer:** kr 861 427 (kr 111 427 høyere enn budsjettert). Avviket skyldes tilskuddet til analysen fra Menon Economics på kr 200 000, som ble besluttet etter at budsjettet var vedtatt.

Kostnadene omfatter:

- **Arendalsuka**
  - Bidrag til Næringsforeningen i Stavangerregionen
  - Servering på de tre arrangementene
    - Vestlandet inviterer til frokost
    - Ferjefri E39 - sløsing eller gullkanta investering for det nye Vestlandet
    - Ferjer og hurtigbåtar: utleppskutt og eksport - eller grøn fallit?
  - Analysen «Gevinster av E39 Stavanger-Bergen» fra Menon Economics (kr 200 000)
  - Prosjektleders reise og overnatting
- Konferansen «Rekruttering til maritime fag» arrangert i Haugesund 22. januar 2025
- Konferansen «Maritim industrifags utdanningskonferanse og workshop for verft og leverandørindustrien» arrangert i Ålesund 3. november 2025
- **Origin - drift av nettside:** kr 24 984 (kr 25 016 lavere enn budsjettert). Avviket skyldes for høy budsjettering.
- **NORA - medlemsavgift:** kr 159 150 (kr 9150 høyere enn budsjettert). Årlig kontingent til NORA utgjør DKK 100 000, avviket skyldes valutakurs.
- **Næringsstrategi Vestlandet:** kr 1 621 623 (kr 271 623 høyere enn budsjettert). Lønn og sosiale kostnader, samt andre kostnader knyttet til den treårige prosjektlederstillingen for *Næringsstrategi Vestlandet*.

Avviket skyldes:

- høy aktivitet
- økt reiseaktivitet

Prosjektleder deltok på følgende i 2025 for å innhente kunnskap og informasjon til arbeidet i Vestlandsrådet:

- Klimafestivalen, Varmere, våtere og villere, Bergen 12. - 15. mars 2025
- Klimaomstillingskonferansen, Sogndal 6. - 7. mai 2025
- Smølakonferanse, Smøla 27. august 2025
- Maritim uke, Haugesund 1. - 5. september 2025
- Verftskonferansen, Ålesund 4. - 5. november 2025
- Reise til Brussel (forberedelse til energimøtet i Vestlandsrådet)
- Møter i regi av Stavangerregionens Europakontor
- **Finanskostnader:** kr 1 752 (kr 3 248 lavere enn budsjettert). Finanskostnader består i hovedsak av bankgebyrer. Avviket skyldes mindre renteutgifter.

### Årsresultat og disponering

- Regnskapet for 2025 viser et positivt årsresultat på kr 2 526 614. Hele resultatet foreslås overført til neste regnskapsperiode (2026). Overførte midler gir Vestlandsrådet økonomisk handlingsrom til å gjennomføre planlagte aktiviteter i 2026.

### Budsjett 2026

Fylkesdirektøren legg fram følgjande forslag til budsjett for verksemda i Vestlandsrådet i 2026:

<b>Inntekter</b>	<b>Regnskap 2025</b>	<b>Budsjett 2026</b>
Ordinær kontingent	1 800 000	1 800 000
Kontingent næringsstrategien	1 350 000	0
Overførte ubrukte midler	2 996 264	2 536 614
Finansinntekter	147 969	100 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>6 294 233</b>	<b>4 436 614</b>
<b>Kostnader</b>	<b>Regnskap 2025</b>	<b>Budsjett 2026</b>
Sekretariat	1 000 000	1 000 000
Møter i Vestlandsrådet	88 683	100 000
Eksterne møter	861 427	1 500 000
Origin - drift av nettside	24 984	30 000
NORA medlemsavgift	159 150	165 000
Næringsstrategi Vestlandet	1 621 623	
Finanskostnader	1 752	2 000
<b>Sum kostnader</b>	<b>3 757 619</b>	<b>2 797 000</b>
<b>Til overføring 2026</b>	<b>2 536 614</b>	
Til disposisjon		<b>1 639 614</b>

Merknader til budsjettet:

- Vestlandsrådet sine inntekter kjem frå ordinær kontingent frå fylkeskommunane på kr 600.000,- , samt ubrukte midlar og finansinntekter frå året før.
- I tråd med tidlegare praksis legg fylkesdirektøren til grunn at vertskommunen får 1 mill kr til sekretariatsutgifter, uavhengig av om dei reelle utgiftene er større eller mindre.
- Eksterne møter inkluderer kostnader til vidare arbeid med E39 Vestlandsvegen/NTP 2029-2040 og kostnader til mobiliseringskonferansen for E39 Vestlandsvegen, 15.april. Denne budsjettposten skal og dekke kostnader med arrangement under Arendalsveka 2026 og aktivitetar for oppfølging av næringsstrategien til Vestlandsrådet.
- For 2026 er det lagt opp til fire møter i Vestlandsrådet, der eitt er tenkt som digitalt møte. Utgifter til møter i rådet er avhengig av talet på fysiske møte på hotell.
- Vestlandsrådet er medlem i NORA (Nordic Atlantic Cooperation) med fast årleg prisjustert kontingent.

### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår at Vestlandsrådet vedtek framlagte rekneskap for 2025 og budsjett for 2026.

**Saksnr:** 2026/4095-4  
**Saksbehandlar:** Thorbjørn Aarethun

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	4/26	15.april 2026

---

## Vestlandsrådet - innspel frå fylkeskommunane til aktuelle samarbeidssaker

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet ser at det føreligg lite eintydige innspel frå fylkeskommunane til konkretisering av aktuelle samarbeidssaker i Vestlandsrådet, innanfor det som er nedfelt i samarbeidsavtalen og den politiske plattformen til rådet.

Vestlandsrådet tek innspela frå fylkeskommunane til konkretisering av aktuelle samarbeidssaker til orientering.

Robert Rastad  
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennom samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet og den vedtekne politiske plattform for rådet i perioden 2023-2027, er det nedfelt prioriterte områder for politisk samarbeid på tvers av fylkesgrenser i Vestlandsrådet. Felles utfordringer og spørsmål innanfor næring og samferdsel er to utpeikte områder for samarbeidet.

Samarbeidet i Vestlandsrådet har hovudsakleg tre hovedformål:

1. Mobilisere og påvirke inn mot statlege prosessar og virkemiddelbruk.
2. Informasjonsdeling og læring på tvers av fylkesgrensene
3. Samordning av fylkeskommunal virkemiddelbruk og eigarskap i landsdelen

For å sikre god forankring av samarbeidet i Vestlandsrådet i dei tre fylkeskommunane, vart det i Vestlandsrådet AU, 21.01.26, vedteke følgjande;

*«Vestlandsrådet AU ber om at sekretariatet utarbeider eit forslag til politisk sak som kan leggast fram for alle fylkesutvala, der det vert opna opp for politiske initiativ til konkrete saker og tema som kan løftast inn i Vestlandsrådet.»*

Med bakgrunn av innspel frå dei tre fylkeskommunane vil Vestlandsrådet AU kunne foreslå saker og tema for vidare oppfølging i rådet.

Vedtak i dei tre samarbeidande fylkeskommunane

Saka som Vestlandsrådet AU inviterte til er sett på saklista i fylkesutvalet i alle dei tre samarbeidande fylkeskommunane. Dei politiske vedtaka er referert under.

### Rogaland fylkeskommune

Saka vart lagt fram for fylkesutvalet, 10.mars 2026, og det vart gjort følgjande vedtak:

*Rogaland fylkeskommune mener at vestlandsrådet bør fokusere vidare på de sakene som er vedtatt i strategien for perioden 2024 - 2027, verdiskaping og sysselsetting samt samferdsel og kommunikasjoner. Av disse sakene bør Vestlandsrådet prioritere arbeidet for ferjefri E39 som har avgjørende betydning for økonomisk vekst, fremkommelighet, trafiksikkerhet og næringslivets konkuranseevne på Vestlandet.*

### Vestland fylkeskommune

Saka vart lagt fram for fylkesutvalet, 18.februar 2026, og det vart gjort følgjande vedtak:

*Fylkesutvalet forslår at følgjande saker eller tema vert vurdert for vidare arbeid og oppfølging i Vestlandsrådet;*

*- Korleis fullføringsreforma gjer uheldige utslag for individuell tilrettelagt opplæring (ITO) og korleis vi kan arbeide med å endre lova til det beste for fylkeskommunane og mennesker med nedsatt funksjonsevne.*

*- Rekrutteringa og dimensjoneringa innanfor yrkesfaga, og særleg dei tekniske og maritime yrkesfaga. Fleire elevar vel yrkesfaglege utdanningar. Det er viktig, men skapar også nokon utfordringar.*

*- Etterslepet på fylkesvegane, behovet for rassikring og dei store utfordringane innanfor fergekaiar langs kysten.*

*- Korleis sikre betre rammevilkår for kysten, industrisamfunna og styrke samarbeidet i nordsjøbassenget. - Korleis arbeide vidare med grøn omstilling innanfor industrien.*

- Fagskulane og samarbeid om best mogleg fagskuleutdanning for arbeids- og næringslivet i

Vestland, særleg innanfor maritim næring.

- Vestlandet sin del i det nasjonale jubileet og markeringa av framveksten av demokratiet.

*Grunngjeving:*

*I Samarbeidsavtalen for Vestlandsrådet interkommunalt råd står det at føremålet ma er å styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt, fremje politiske saker av felles interesse og ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene. I den politiske plattformen er dette i stor grad knytt til verdiskaping og sysselsetting og til samferdsle og kommunikasjonar.*

*Eg gjer likevel framlegg om at ein saman løftar fram demokratiutvikling, sett i lys av historien om korleis dette vaks fram i middelalderen, og der våre fylke langs vestlandskysten var svært sentrale.*

*For Vestland fylkeskommune sin del gjeld dette særleg Gulatinget, som etter midten av 900-talet var eit regionting for Sunnmøre og til og med Agder. (Setesdal og Valdres/Hallingdal kom til i Landslova i 1274). Tinget på Moster med innføring av kristenretten og Bergen (Holmen) som politisk og administrativt senter er dei viktigaste, saman med Gulatinget.*

*Men mange andre stader langs kysten er sentrale på denne tid; Hafrsfjord, Avaldsnes, Fitjar, Tysnes, Seim, Svanøy, Selje for å nemne nokon.*

*Vi er inne i ei nasjonal markering av utviklinga av demokratiet, der både Landslova, knytt til Bergen, og Kristenretten, knytt til Moster, vart markert i 2024, samt ei markering på Gulatinget, der både kristenretten og Landslova vart tatt inn). Tre tema vert særleg løfta fram; Rettsstat, Ytringsfridom og Demokrati i ei uroleg verd.*

*Åra med markeringar er tenkt avslutt i 2030 med markering knytt til Stiklestad. I Hurdalsplattformen sier regjeringen at den skal «sørgje for at 1000-årsjubileet for slaget på Stiklestad blir ei nasjonal markering. Stiklestad Nasjonale Kultursenter skal vere navet i jubileet». Eg meiner det bør vere av interesse både historisk, men også gjennom å tilrettelegge for reiseliv og kulturarbeidsplassar, at Vestlandet vurderer korleis ein fremmar landsdelen sin plass i utviklinga av Norge.*

*Legg ved sak på NRK der fylkesordførar Askeland meiner «staten er meir oppteken av å feira drapet på Olav den Heilage» medan jubileet på Moster fekk «småpengar».*

<https://www.nrk.no/vestland/moster-amfi-i-pengetrobbel---fylkesordforar-skuldar-staten-for-aprioritere-eit-drap-pa-stiklestad-1.17680662>

- Problemstilling i sak: 30/26 - Kunnskapsgrunnlag for ferjekaier knytt til 2030-anbod, med etterslep på vedlikehald og oppfylling av nye krav til ferje og ferjekaier, og korleis fylkeskommunane er kompensert for oppdatert krav til ferjer, og regelverk til utforming av kai.

- Setja fokus på rammevilkåra for olje- og gassnæringa, herunder leverandørindustrien langs kysten.

### Møre og Romsdal fylkeskommune

Saka vart lagt fram for fylkesutvalet, 23.februar 2026, og det vart gjort følgjande vedtak:

*1. Fylkesutvalet viser til Vestlandsrådet si politiske plattform og rolle som regionalpolitisk samarbeidsorgan for Vestlandet. Samla sett utgjer Vestlandet eit nasjonalt tyngdepunkt for verdiskaping og busetjing, der Vestlandsrådet kan legge til rette for regional kunnskapsdeling og bidra til å påvirke nasjonale rammevilkår for vidare utvikling og omstilling.*

*2. Fylkesutvalet forslår at følgjande saker eller tema vert vurdert for vidare arbeid og oppfølging i Vestlandsrådet:*

- *Samferdsel*
- *Næring*

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser at det føreligg lite eintydige innspel til konkretisering av aktuelle samarbeidssaker i Vestlandsrådet, innanfor det som er nedfelt i samarbeidsavtalen og den politiske plattformen til rådet.

Med desse vedtaka finn fylkesdirektøren derfor ikkje grunnlag for å foreslå nye aktuelle samarbeidssaker for Vestlandsrådet.

Fylkesdirektøren vil derfor be om at Vestlandsrådet tek stilling til eventuelt nye samarbeidssaker med grunnlag i innspela, eller tek innspela til orientering.

**Saksnr:** 2026/4095-8  
**Saksbehandlar:** Thorbjørn Aarethun

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	5/26	15.april 2026

### Innspel til Stortingets arbeid med revidert nasjonalbudsjett 2026

#### Forslag til vedtak

1. Vestlandsrådet vedtek følgjande uttale som innspel til Stortinget sitt arbeid med revidert nasjonalbudsjett 2026:  
.....
2. Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å avklare og koordinere eventuelle andre innspel frå Vestlandsrådet, etter av forslaget til revidert nasjonalbudsjett 2026 vert lagt fram 12.mai.
3. Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å vurdere deltaking på den opne komitehøyringa på Stortinget om revidert nasjonalbudsjett 2026.

Robert Rastad  
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Stortinget får revidert nasjonalbudsjett (RNB) til handsaming kvar vårsesjon, og er ei oppdatering av statsbudsjettet med endringar i staten sine utgifter og inntekter. Eventuelle meirkostnader eller underfinansiering av ulike budsjettpostar kan dekkast inn gjennom revidert nasjonalbudsjett. Merknader i revidert nasjonalbudsjett kan og legge føringar på arbeidet med kommande års statsbudsjett.

Fylkeskommunane sine tenester er i all hovudsak finansiert over statsbudsjettet, slik at arbeidet med statsbudsjettet og RNB inneber viktige rammevilkår for fylkeskommunal drift og investeringar. Også gjennom samfunnsutviklarrolla har fylkeskommunane eit ansvar for å koordinere og påvirke statleg aktivitet på regionalt nivå gjennom arbeidet med statsbudsjettet og RNB.

Forrige års revidert nasjonalbudsjett vart fremma av Finansdepartementet til finanskomiteen på Stortinget, 15.mai 2025. Komiteen gjennomførte høyring på Stortinget, og fristen for skriftelege innspel vart sett til 20.mai 2025. Innstilling om revidert nasjonalbudsjett vart avlagt av komiteen, 17.juni 2025. Stortinget gjorde endeleg vedtak 20.juni 2025.

Regjeringen har annonsert at revidert nasjonalbudsjett for 2026 vert lagt fram **12. mai 2026**.

Vestlandsrådet kan på sjølvstendig grunnlag, utan å binde opp den enkelte fylkeskommune, foreslå innspel til revidert nasjonalbudsjett 2026. Rådet kan og melde seg på den opne høyringa på Stortinget for ytterlegare å synleggjere landsdelen sine felles utfordringar og behov.

### Konklusjon

Fylkesdirektøren ser på revidert nasjonalbudsjett 2026 som ein viktig prosess der Vestlandsrådet med grunnlag i felles utfordringar og behov i vestlandsfylka, kan løfte fram rammevilkår for både fylkeskommunal verksemd og statleg aktivitet på regionalt nivå.

I denne omgang vil fylkesdirektøren peike på følgjande saker som kan vere aktuelle for innspel til Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett:

- Særskilt felles utfordringar og behov i landsdelen på etterslep og finansiering av vedlikehald av bruer, tunellar og ferjekaiar på fylkesvegnettet.
- Underfinansiering av fullføringsreformen i vidaregåande skule, med utgangspunkt i utfordringar og behov i vestlandsfylka.

Fylkesdirektøren vil forsøke å legge fram forslag til uttale på desse områda, som kan handsamast i møtet i Vestlandsrådet. Dersom det av ulike grunnar ikkje er muleg å få til, kan Vestlandsrådet alternativt gje AU fullmakt til vedta aktuelle innspel til Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett 2026, på eit seinare tidspunkt.

Etter at revidert nasjonalbudsjett vert lagt fram 12.mai, vil fylkesdirektøren foreslå at AU i tillegg får fullmakt til å vurdere om eventuelle direkte konsekvensar skal følgast opp gjennom separate innspel frå fylkeskommunane eller koordinerast som felles innspel gjennom Vestlandsrådet.

I tillegg til å oversende aktuelle innspel, vil fylkesdirektøren og foreslå at Vestlandsrådet melder seg på den opne komitehøyringa i Stortinget om revidert nasjonalbudsjett 2026.

---

Saksnr:	2026/4095-9
Saksbehandlar	Thorbjørn Aarethun Matti Torgersen
Dato:	13.04.2026

---

---

**Til:** Vestlandsrådet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Tillegg 1 til PS 5/26 - forslag til innspel om auka løyvingar til fylkesvegvedlikehald i RNB 2026

Fylkesdirektøren foreslår følgjande innspel frå Vestlandsrådet til Stortinget sitt arbeid med revidert nasjonalbudsjett 2026;

*«I arbeidet med nasjonal transportplan 2025-2036 er det dokumentert at fylkesvegnettet har vesentleg lågare standard enn riksvegnettet. Desse skildnadene har auka over tid og det har oppstått eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, med auka risiko for trafikkulukker, dårlegare framkome og redusert samfunnstryggleik på fylkesvegnettet.*

*Vestlandsrådet peikar på at vedlikehaldsetterslepet er særleg stort i kystfylka på Vestlandet, der krevjande topografi, klima, mange tunellar, bruer, ferjekaiar og skredutsette strekningar gir høgare belastning og kostnader enn landsgjennomsnittet.*

*Statens vegvesen har berekna at vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg i landet er om lag **93 mrd. kroner** (2022-kroner).*

*For fylka i Vestlandsrådet er etterslepet berekna slik:*

- **Vestland:** 18,4 mrd. kr
- **Møre og Romsdal:** 9,3 mrd. kr
- **Rogaland:** 5,1 mrd. kr

*Desse tala er usikre, da metodikken ikkje fullt ut fangar opp høgare kostnader på vegar med låg standard, smale tverrprofilar og krevjande topografi. Møre og Romsdal fylkeskommune si eiga kartlegging frå 2023 viste til dømes eit samla vedlikehaldsetterslep på **16,9 mrd.kr.***

*Vestlandsfylka har særlege utfordringar, der fylkesvegnettet er prega av:*

- mange og lange tunellar, bruer og ferjekaiar,
- smale vegar med krevjande kurvatur,
- og høg eksponering for skred og andre naturfarar

*Klimaendringar forsterkar risikoen for flaum, erosjon og skred, og aukar belastninga på eit allereie sårbart fylkesvegnett.*

*Berekningane viser altså at vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg er svært stort, og samla for fylka i Vestlandsrådet utgjer det fleire titals milliardar kroner. Vestlandsrådet er sterkt kritisk til berekningsmodellane i dagens finansieringssystem, som i all hovudsak legg opp til å dekke kostnader for å oppretthalde dagens nivå, og ikkje for å ta att vedlikehaldsetterslepet.*

*Vestlandsrådet ber Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett 2026 om ei øymerka tilleggsløyving til styrking av vedlikehaldet på fylkesvegane på Vestlandet, og at dette vert vidareført og lagt inn i rammeoverføringane til fylkeskommunane i statsbudsjettet for 2027.»*

---

Saksnr:	2026/4095-10
Saksbehandlar	Thorbjørn Aarethun Birthe Haugen
Dato:	13.04.2026

---

---

**Til:** Vestlandsrådet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Tillegg 2 til PS 5/26 - forslag innspel til RNB 2026 om underfinansiering av fullføringsreforma

Fylkesdirektøren foreslår følgjande innspel til revidert nasjonal budsjett 2026, om underfinansiering av fullføringsreforma:

### **«Fullføringsreforma er underfinansiert.**

*Fullføringsreforma styrkjer retten til vidaregåande opplæring for ungdom mellom 16 og 24 år. Reforma inneber meir fleksible og tilpassa opplæringsløp, moglegheit for utvida tid og alternative løysingar ved stryk, avbrot eller manglande læreplass. Elevane har også fått styrka retten til å gjere omval.*

*I tillegg har elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging fått utvida sine rettar gjennom fullføringsreforma. Denne elevgruppa kan ta ut rett til vidaregåande opplæring til og med det skuleåret dei fyller 24 år uavhengig av i kva grad dei har nådd sine individuelle mål. Den lovfesta retten deira til vidaregåande opplæring er med denne endringa auka til 8 år.*

*I 2025 medførte den styrka retten til omval ein auke i søkjartalet til vidaregåande opplæring om lag 3-400 ungdommar både i Rogaland og Vestland fylkeskommunar. Søkjartala til kommande skuleår syner same tendens. Dette med ein årleg kostnadsauke på om lag 50 mill. kr i dei to fylkeskommunane. Møre og Romdal fylkeskommune har same høvesvise vekst i talet på ungdom som har rett til omval. Her er det grunn til å vente ein årleg kostnadsauke på om lag 25 mill. kr.*

*Vidare syner søkjartala dei to siste skuleåra at ein stor andel elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging vel å nytte seg av retten til å vere lenger i vidaregåande opplæring. Nasjonale prognosar syner at andel elevar med rett til individuell opplæring vil doble seg frå 1,6% av årskullet i 2025 til 3,2% av årskullet i 2030. Denne lovendringa vil med dette føre til vesentleg auka kostnader for fylkeskommunane dei komande åra. Prognosar for Rogaland og Vestland fylkeskommune syner at kostnadsnivået vil auke med 60 -75 mill. kr per år. Totalt vil auken verte på omlag 180 - 225 mill. kr per år. For Møre og Romsdal fylkeskommune er det venta kostnadsauke på om lag 25 - 30 mill. kr per år. Totalt vert auken om lag 75 - 90 mill. kr per år.*

*Retten til å gjere omval og utvida rettar for elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging er slik vi ser det ikkje finansiert i statsbudsjettet for 2026 og dei kommande åra. Tala over syner at dei tre fylka i Vestlandsrådet vil ha behov ei styrking på 270 - 300 mill. kr i 2026, aukande til 560 -650 mill. kr dei kommande åra.*

*Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit arbeid for å kartlegge fylkeskommunane sine auka kostnader på grunn av utvida rettar for ungdom mellom 16 og 24 år og at fylkeskommunane får kompensert kostnadane for 2026 i revidert nasjonalbudsjett. Vidare ber vi om at kompensasjonen vert innarbeidd i statsbudsjettet frå 2027.»*



---

Saksnr: 2026/4095-7  
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun  
Dato: 09.04.2026

---

---

**Til:** Vestlandsrådet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Oppfølging av Vestlandsrådet sin næringsstrategi

På møte i Vestlandsrådet, 13. november 2025, vart det handsama sak om vidareføring av prosjektleiarstillinga for Vestlandsrådet sin næringsstrategi. Det vart gjort følgjande vedtak:

*«Vestlandsrådets næringsarbeid skal fremover ivaretas av de tre fylkeskommunenes relevante fagavdelinger, i samarbeid med rådets sekretariat. Prosjektlederstillingen videreføres ikke.»*

Med grunnlag i dette vedtaket er fagavdelingar med næringsoppgåver bedt om å skissere eit opplegg for korleis arbeidet med Vestlandsrådet sin næringsstrategi kan vidareførast.

Så langt er det meldt tilbake at ei sak om dette er under arbeid, og som er planlagt lagt fram for Vestlandsrådet på junimøtet i Ålesund.

Fylkesdirektøren er tilfreds med at oppfølging av næringsstrategien er under arbeid, og vil foreslå at dette vert eit hovedtema på Vestlandsrådet sitt møte i Ålesund.

Oppfølginga må omfatte forslag til eit handlingsprogram for perioden 2026-2027, samt opplegg for organisering av administrative ressursar for tilrettelegging og gjennomføring.